

Fra: "Astrid Sæter" <astrid.sater@outlook.com>
Sendt: søndag 11. januar 2026 22.47.25
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Høringsuttale - Aura II Kraftverk

Aura II- utbygginga i Sunndal

Vedrørende grusdeponi og midlertidig veg i Gaudalen, Øksendal .

Eit tverrslag frå Litjdalen til Gaudalen skal i følge plandokumenta gjennomførast for å deponere tunnelmasse på austsida av dalføret. Massedeponiet vil også medføre bygging av ein midlertidig veg på vestsida av dalen, med kryssing av Gaudalselva for å nå fram til deponiet.

I tilknytning til dette prosjektet vil eg sterkt understreke villreinens bruk av Gaudalen.

Gaudalen innafor dei to setergrendene har fram til no eksistert som eit tilnærma urørt naturområde. Ferdseilen har vore begrensa til litt turgåing og jakt. Dette gir området naturkvalitetar som er spesielt verdifulle. Det skal i så måte særleg framhevast at Gaudalen er ein del av leveområdet for villrein. Det er framleis tilgang til å drive reinsjakt i den indre delen av Gaudalen. Opp gjennom åra og heilt fram til i dag er det gjort observasjonar av rein og reinsspor, til dels så langt ned som mot Setersetrene. GPS- merking av rein på Snøhetta vest dokumenterer for øvrig villreinens bruk av dette marginale, men samtidig urørte området, og det er indikasjonar på at bruken er aukande.

Villreinen er ein sterkt truga og sårbar art som norske myndigheiter har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. Det er summen av inngrep i villreinen sine leveområde som utgjør det største trugsmålet mot bestanden, og etableringa av massedeponi og veg i den urørte Gaudalen representerer enda fleire inngrep med negativ konsekvens. Eikesdalen landskapsvernområde er kloss på areala for veg og deponi, og det er ikkje i samsvar med verneformålet med forstyrrande anleggsdrift rett ved vernegrensa.

Siktemålet med denne høringsuttalen er å gjera skadeomfanget for nøkkelarten villrein så liten som råd. Det inneber ei størst mogleg tilbakeføring av natur med det same anleggsperioden er over. Her må NVE stå ved lovnadene sine om ei tilbakeføring av veg til før-tilstand, gjennom dei omtalte tiltaka istandsetting av terreng og revegetering, samt å lage ei konkret plan om dette før anleggsarbeida tek til.

Dette må ikkje vike plass for andre interesser som kan melde seg, eksempelvis ønske om å kunne bruke etablert veg til friluftsliv eller eventuelle praktiske formål.

Øksendal 10. 01.2026

mvh Astrid Sæter